



Vik kommune



#velkomentivilvik



Verdsarv



Nærøy
Fjorden
VERDSARVPARK

VERDSARVKOMMUNE



Foto: Bente Teigen

Me ha da i Vik!

I hjartet av Sogn, mellom fjord og høgfjell og storslått natur, finn du Vik kommune med sine 2561 innbyggjarar. Kommunen består av Arnafjord og strandene Vangsnes, Feios og Fresvik i tillegg til kommunesenteret Vikøyri. Vik grensar i aust til Aurland kommune, i sør til Voss kommune og Vaksdal kommune og i vest til Modalen kommune og Høyanger kommune. På den andre sida av fjorden ligg Sogndal og Lærdal. Det er hurtigbåtsamband mellom Vik og Bergen.

Vene, vakre Vik

Denne sjærmerande fjordbygda ligg på sørsida av Sognefjorden, cirka midtvegs inn fjorden. Med ein unik natur, rik kulturarv og roleg atmosfære, byr Vik på uforgløymelege opplevingar for reisande som vil oppleve autentisk norsk bygdeliv og sjarm. Her kan du oppleve både høgfjell og fjord, samt eit unikt kulturlandskap med røter attende til vikingtida. Kommunen er rik på både naturlege og menneskelege ressursar. For deg som vil busetje deg her er det varierte jobbmoglegheiter og eit mangfold av fritidsaktivitetar å engasjere seg i.

Nokre av dei mest kjende attraksjonane i Vik er:

- Hopperstad stavkyrkje
- Hove steinkyrkje
- Fridtjovstatuen på Vangsnes
- Nærøyfjorden verdsarvpark
- Stølsheimen landskapsvernområde

Gamalostens heimstad

Kvar år arrangerer vi gamalostens eigen festival, ein real folkefest som samlar folk frå fjern og nær og gjer stas på både gamalosten og bygda. Gamalosten er eit unikt produkt med tradisjonar attende til vikingtida. Det lokale meieriet er det einaste i landet som produserer gamalost. Mjølka kjem frå lokale gardsbruk i Vik.



Bringebærkommunen Vik

I Vik har sjølvsgåt også bringebæret sin eigen festival som blir arrangert i august. Norsk Bringebærfestival er eit samarbeidsprosjekt mellom frukt- og bærmottaka i Vik kommune og fleire lokale støttepelarar i kommunen. Festivalen er ikkje-kommersiell og har fokus på kortreiste matvarer og aktivitetar for barn og unge. Overskotet frå arrangementet går til lag og organisasjonar. Festivalen har rekorden på den lengste bringebærdesserten!

Fres Festival

Fres Festival blir arrangert i Fresvik siste helga i juli. Hit kjem artistar frå inn- og utland. Her kan du bu på festivalcampen og ta med deg telt, varme klede og godt humør. Tek du med deg badeshortsen kan du også ta deg ein dukkert i fjorden. På festivalområdet finn du alt du treng av mat, drikke, underhaldning og topp stemning.

Løparkongen frå Fresvik

Mensen Ernst, eller Mons Monsen Øyri (1795-1843), var ein husmannsgut frå Fresvik som vart kalla løparkongen og er den største langdistanseløparen gjennom alle tider. Han levde av å springe, hadde oppdrag for kongar og dronningar og var truleg ein av dei mest kjende nordmenn i første halvdel av 1800-talet.

Det årlege mosjonsløpet til minne om løparkongen er eit lågterskeltilbod der alle kan delta, uansett alder og fysisk form. Løpet set helse og trivsel i fokus heller enn konkurranse og prestasjon. Her kan du oppleve god stemning, idrettsglede og personleg meistring.



Foto: Christian Nikita Valsvik



Foto: Sondre Grindadal

Ein god stad å bu

Vik kommune har eit godt og trygt buminiljø med gode oppvekstvilkår. Å bu i ei lita bygd der det er kort veg til det meste og gode møteplassar, er positivt både for den unge og den eldre befolkninga. Vi er i ferd med å bygge heilt ny sjukeheim og nye barnehagar. Alle grendene i kommunen har eigen barnehage, og to av grendene har skuletilbod heile vegen frå 1. til 10. klasse. I Fresvik ligg privatskulen EnSpire.

Jobbe i Vik

Vi vil gjerne ha fleire innbyggjarar i Vik, og at folk skal trivast og bli buande her i den vakre kommunen vår. Næringslivet her er variert og inkluderer alt frå settefiskanlegg til webfirma. Vik kan by på fleire jobbmoglegheiter, både i kommunale stillingar, næringsliv, reiseliv og landbruk. Vik fengsel er ein stor og veletablert arbeidsplass som er viktig for kriminalomsorga og treng fleire engasjerte tilsette.

Jobb for to

Ta sjansen og flytt til Sogn sjølv om berre ein av dykk har fått napp på ei stilling. Me hjelper til med å finne dei stillingane som ikkje dukkar opp i tradisjonelle utlysingar. Sogn Næring kjenner arbeidsmarknaden i regionen godt og har eit stort nettverk av alt frå gründerverksemder, større private aktørar og kommunale næringsarbeidarar.



Drivkraft i Sogn

Sognekraft er ein sentral regional bidragsytar i det grøne skiftet. Våre tilsette jobbar målretta kvar dag for berekraftig vekst og samfunnsutvikling i Sogn.





Foto: Arnafjord Settefisk



Foto: Arild Thingvoll

Eit variert næringsliv

Vik har eit variert næringsliv som er spreidd over heile kommunen, med ei rekke større og mindre verksemder. Fleire av dei er høgkompetanse verksemder. Både vasskraft og landbruk står sterkt i kommunen vår, og i tillegg satsar vi på reiselivsnæringa. Vik er ein av landets største bringebærkommunar og den største jordbærkommunen i fylket. Det einaste meieriet som produserer gamalost ligg i Vik.

Aust i kommunen ligg Fresvik Produkt, den einaste norske verksemda som produserer isolasjonspanel og dør/port til kjøle- og fryserom.

I Vik finn ein også den største norske produsenten av baderomsmøblar, Linn Bad.

Highsoft AS har også hovudkontoret sitt i Vik. Firmaet er verdsleidende leverandør av JavaScript-verktøyet Highcharts, eit verktøy for visualisering av data på web.

Hjørnestinsbedrifa VikØrsta er den største bidragsytaren for å oppnå nullvisjonen om å oppnå null skadde og drepte i trafikken med sine vegsikringsprodukt.

Oljedistribusjon av farga og blank diesel i Sogn

God service, lokalkunnskap, punktlegheit og kort leveringstid er våre kjerneverdiar. Vi har Shell smøremidell til landbruk og anlegg.



S SOGN OLJE AS

Tlf. 952 73 291 • www.sognolje.no

FRISØRSTOVA

Sentrumsgata 31, 6893 Vik i Sogn • Tlf. 57 69 54 53
E-post: frisorstova.vik@gmail.com



Foto: Bente Teigen

**Berdal Røyr
& Sanitær AS
6893 Vik i Sogn**

Tlf: 95 04 80 44
E-post: as-berd@online.no



Statkraft

Vi fornyer verden med
ren energi

FOSSE
/ / / / / /

www.fossemaskin.no

Fritid og friluftsliv

I Vik har me over 100 frivillige lag og organisasjoner, og dei mange eldsjelene som står på kvar dag er bærebjelkar i lokalsamfunnet.

Idrett, jakt og fiske

Vik Idrettslag er særleg kjend for fotball og skiskyting og arrangerte NM i skiskyting i 2022. Vik turlag arbeider for eit allsidig, inkluderande og miljøvennlig friluftsliv, arrangerer turar og aktivitetar og står for vedlikehald av stiar og hytter.

I Vik Jakt- og fiskelag har vi æresmedlem Odd Borlaug (107), som er Noregs eldste mann og verdas eldste laksefiskar. Han er stadig å finne med fiskestonga si ved elva Vikja, ei av dei beste lakseelvane i Sogn.

Oppdag fjorden og fjella

I Vik finn du sjølvsgart eit utal turløyper og toppturar. Ta til dømes turen opp til Vidasethovden og nyt den storslegne utsikta. Dersom du vil utforske fjordane kan du melde deg på RIB-tur eller fjordcruise. På rundtur inn i fjordarmane til Sognefjorden kan du oppleve dei ulike fjordbygdene - Sognefjordens «Cinque Terre». På Stein Gard i Vik kan du delta på guida fottur med gardsbesøk og helse på alpakka, geiter og moskusender. Du kan også prøve deg på hesteriding, skiturar, utforske isbreen eller vandre i det pittoreske gamle sentrum i Vikøyri.

I Vik kommune treng du ikkje reise langt for å få dei store opplevelingane!



EXTRA
Gjør det billig!

Extra Vik i Sogn - Sentrumsgata 47
Tlf: 57 69 89 13 - Mail: vik.extra@coop.no



Din lokale faghandel

Coop Byggmix Vik i Sogn - Sentrumsgata 47
Tlf: 57 69 89 17 - Mail: vik.byggmix@coop.no



Vik kommune

Kontakt

Vik kommune

Besøksadresse:

Fjordavegen 1, 6893 Vik i Sogn

Postadresse:

Postboks 134, 6891 Vik i Sogn

Telefon: 57 69 82 00

E-post: postmottak@vik.kommune.no

Opningstider: Måndag - fredag: 10:00 - 14:00.

Facebook: /Vik-kommune



Me ynskjer å vere ein medspelar for kundane, lokalsamfunnet og næringslivet. Og ikkje minst vil me at det skal vere sutalaust å vere kunde hjå oss.

I Sogn Sparebank får du meir enn berre eit bustadlån. Du får personleg rådgjeving, fleksibilitet, god kundeservice, lokal forankring og ikkje minst konkurransedyktige prisar.

Banken er også ein spennande arbeidsplass med gode utviklingsmogelegheiter.



post@sognbank.no



www.sognbank.no



[sognsparebank](#)



Sogn Sparebank